



OFFENTLEG MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtedato: 19.12.2013
Møtetid: 16:00 - 18:25
Møtestad: Kommunehuset

Av 7 medlemmer møtte 7, inkludert varamedlemmer.

Desse medlemene møtte ikkje:	I staden møtte:
Gunnar Bruvik (FrP)	Karl Kollbotn (Frp)
Bright Olav Gåsdal i sakene 052, 053, 054 og 056	Ingen

Andre som var til stades på møtet:

Rådmann Tone Ramsli
Stabssjef Jan Erik Boge

Møteleiar:	Marit Aase (Krf)
Møtesekretær:	Jan Erik Boge/Tone Ramsli

Merknader:

Sak 055 vart handsama som første sak i møtet. Sak 057 vart handsama som andre sak.

Bright Olav Gåsdal fekk permisjon frå møtet frå kl. 18.05. Han deltok derfor ikkje under handsaminga av sakene 052, 053, 054 og 056.

Orienteringar/meldingar:	<p><u>Sjukemeldingar</u> Tone Ramsli orienterte om at det for tida er mange sjukemeldingar på kommunehuset og om utfordringar i samband med dette.</p> <p><u>Oppfølging av granskingsrapport</u> Etter ønske frå Marit Aase vart det bestemt at det skal vera ekstra møte i formannskapet onsdag 08.01.2014 kl 15.00. Tema for møtet vert oppfølging av granskingsrapporten for barnevernstenesta. Det vert i tillegg eit ekstra møte i formannskapet 22.01.2014 kl. 15.00.</p> <p><u>Ekstramøte i kommunestyret</u> Det vert ekstra møte i kommunestyret onsdag 05.02.2014.</p>
---------------------------------	--

Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:

Tysse, 02.01.2014

Underskrift utvalsleiar

Underskrift møtesekretær

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
052/13	13/800	Faste saker	
053/13	13/617	Søknad om tilskot frå Næringsfondet til oppstart av gardsdrift	
054/13	13/799	Interkommunalt samarbeid om brann , redning og feiartenester	
055/13	13/402	Søknad om dekking av utgifter til juridisk bistand	
056/13	11/573	Sak om dekking av tapt arbeidsforteneste	
057/13	13/220	Oppfølging av sak i arbeidsmiljøutvalet - faktaundersøking. Finansiering	

SAKNR. 052/13
FASTE SAKER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
 - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-

19.12.2013 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Samrøystes vedtak.

FORM-052/13 VEDTAK:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

SAKNR. 053/13

SØKNAD OM TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET TIL OPPSTART AV GARDSDRIFT

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Caroline og Jarle Sveinung Langeland får eit tilskot på kr 100.000 frå Samnanger kommune sitt næringsfond til delfinansiering av driftsbygning på gnr 41 bnr 3 på Tysseland.

19.12.2013 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Tone Ramsli orienterte om at landbrukskontoret har gitt uttale om at dei tilrår søknaden.

Samrøystes vedtak.

FORM-053/13 VEDTAK:

Caroline og Jarle Sveinung Langeland får eit tilskot på kr 100.000 frå Samnanger kommune sitt næringsfond til delfinansiering av driftsbygning på gnr 41 bnr 3 på Tysseland.

SAKNR. 054/13

INTERKOMMUNALT SAMARBEID OM BRANN , REDNING OG FEIARTENESTER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Tilråding vert gitt i møte når det føreligg endeleg utkast til avtale.

19.12.2013 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Rådmannen la fram fylgjande framlegg:

Samnanger kommune godkjenner framlegg til avtale om samarbeid med Bergen Brannvesen motteke 19.12.2013.

Sidan den økonomiske ramma for avtalen ligg over den avsette budsjettsummen til brann og redning og ordninga skal starta opp frå 01.01.2014, vert vedtaket gjort etter § 13 i kommunelova (hasteparagrafen). Det må fremjast eige sak om tilleggfinansiering.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FORM-054/13 VEDTAK:

Samnanger kommune godkjenner framlegg til avtale om samarbeid med Bergen Brannvesen motteke 19.12.2013.

Sidan den økonomiske ramma for avtalen ligg over den avsette budsjettsummen til brann og redning og ordninga skal starta opp frå 01.01.2014, vert vedtaket gjort etter § 13 i kommunelova (hasteparagrafen). Det må fremjast eige sak om tilleggfinansiering.

SAKNR. 055/13

SØKNAD OM DEKKING AV UTGIFTER TIL JURIDISK BISTAND

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kravet frå [REDAKERT] om å få dekkja utgifter til juridisk hjelp knytt til diskusjonar vedkomande tilbodet til sonen deira vert ikkje imøtekome.

19.12.2013 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Birthe Skar-Moum (Ap) og **Eva Hellevang (H)** bad om å få gildskapen sin vurdert. Begge gjekk frå under handsaminga av gildskapen. På spørsmål frå formannskapet under handsaminga av gildskapen opplyste begge at dei ønskte å vera ugilde i saka.

Det vart samrøystes vedteke at både Birthe Skar-Moum og Eva Hellevang er ugilde i saka. Dei deltok derfor ikkje under handsaminga av saka.

Det vart samrøystes vedteke at handsaminga av saka skulle gå for lukka dører, med heimel i kommuneloven § 31.2.

Det vart i møtet orientert om at [REDAKERT] har informert om at han har to advokatrekningar i tillegg til kravet som er beskrive i saksutgreiinga, og at det samla kravet hans på grunn av dette kan vera på om lag 30.000 kroner.

Brigt Olav Gåsdal (Ap) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

Samnanger kommune dekkjer utgiftene som [REDACTED] har hatt til advokathjelp ifm hjelpetiltak mm til [REDACTED] med kr. 22000. Summen vert dekkja av konto 14901.1202.1800.

Grunngjevinga for å dekkja utgiftene er etter vårt syn ikkje heimla i rettskrav, men fordi dei er blitt oppmoda av PPT (som er eit kommunalt organ) til å søkja advokathjelp i saka. Det kan difor seiast at dei kunne vera i den trua at dei hadde rett på advokat.

Vedtaket i denne saka skal difor ikkje skapa presedens i andre og liknande saker.

Vedtaket er å sjå som eit tilbod om forlik, og [REDACTED] må akseptera at dei ikkje har fleire økonomiske krav mot kommunen knytt til denne saka.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Etter handsaminga tok Birthe Skar-Moum og Eva Hellevang plass att i formannskapet.

FORM-055/13 VEDTAK:

Samnanger kommune dekkjer utgiftene som [REDACTED] har hatt til advokathjelp ifm hjelpetiltak mm til [REDACTED] med kr. 22000. Summen vert dekkja av konto 14901.1202.1800.

Grunngjevinga for å dekkja utgiftene er etter vårt syn ikkje heimla i rettskrav, men fordi dei er blitt oppmoda av PPT (som er eit kommunalt organ) til å søkja advokathjelp i saka. Det kan difor seiast at dei kunne vera i den trua at dei hadde rett på advokat.

Vedtaket i denne saka skal difor ikkje skapa presedens i andre og liknande saker.

Vedtaket er å sjå som eit tilbod om forlik, og [REDACTED] må akseptera at dei ikkje har fleire økonomiske krav mot kommunen knytt til denne saka.

SAKNR. 056/13

SAK OM DEKKING AV TAPT ARBEIDSFORTENESTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

19.12.2013 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Ragnfrid Aadland Olsnes (Bl) fekk permisjon før røystinga i saka.

Felles framlegg til vedtak.

FORM-056/13 VEDTAK:

Jon Magne Bogevik får utbetalt 25.000 kroner i tapt arbeidsforteneste i samband med deltaking på møte i perioden oktober 2012 – juni 2013.

Ytterlegare utbetaling kan vurderast dersom Jon Magne Bogevik leverer dokumentasjon frå Bergen Fengsel på inntektstap på meir enn 25.000 kroner i samband med deltaking på politiske møte i perioden oktober 2012 – juni 2013. Dokumentasjonen frå Bergen Fengsel må

visa kva møtedatoar han har fått tilbod om vakter på og har måtte takka nei til. Maksimal utbetaling per møte vil vera 3.500 kroner, ref. reglar i Samnanger kommune sitt reglement for godtgjersle til folkevalde.

SAKNR. 057/13

OPPFØLGING AV SAK I ARBEIDSMILJØUTVALET - FAKTAUNDERSØKING. FINANSIERING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

06.11.2013 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Heidi Gjerde (Ap) bad om å få gildskapen sin vurdert. Ho gjekk frå medan gildskapen hennar vart handsama. Odd Lønnebakken (Ap) tok plass i kommunestyret under handsaminga av gildskapen.

Birthe Skar-Moum (Ap) bad om å få gildskapen sin vurdert. Ho gjekk frå medan gildskapen hennar vart handsama.

På spørsmål frå kommunestyret under handsaminga orienterte Heidi Gjerde om at ho ønskte å vera ugild i saka. Heidi Gjerde vart samrøystes funnen ugild. Birthe Skar-Moum vart samrøystes funnen gild og tok plass att i kommunestyret.

Møtet vart deretter lukka medan kommunestyret diskuterte om saka skulle gå for opne eller lukka dører. Etter debatten vart dørene opna att for gjennomføring av røysting om eventuell lukking av møtet. Før røystinga tok Øyvind Røen (Sp) opp spørsmål om kva som kan opplysast til dei to partane om handsaminga/debatten i kommunestyret dersom møtet vert lukka. Møtet vart deretter lukka att medan kommunestyret heldt fram debatten om eventuell lukking av møtet og om kva som kan opplysast til partane frå debatten i eit lukka møte.

Møtet vart så opna att før røysting.

Sigmund Dyrhovden (Krf) sette fram munnleg framlegg om utsetjing av saka. Det vart vedteke med 11 mot 10 røyster å utsetja saka.

Følgjande representantar røysta for å utsetja saka:

- Birthe Skar-Moum (Ap)
- Heidi Totland Arnesen (Ap)
- Sigmund Dyrhovden (Krf)
- Roy Helge Haug (Frp)
- Norvald Gjerde (Frp)
- Morten Røen (Frp)
- Gunnar Bruvik (Frp)
- Monica Tjønnå (Sp)
- Øyvind Røen (Sp)
- Eva Hellevang (H)
- Miriam Hisdal Haga (H)

Følgjande representantar røysta for at saka ikkje skulle utsetjast:

- Marit Aase (Krf)
- Bjarne Hauge (Krf)
- Jens Harald Abotnes (Krf)
- Liv Berit K. Befring (Ap)
- Brigte Olav Gåsdal (Ap)
- Vidar Tveiterås (Ap)
- Odd Lønnebakken (Ap)
- Øyvind Strømmen (Bl)
- Anja Marken (Bl)
- Ragnfrid Aadland Olsnes (Bl)

Heidi Gjerde tok plass att i kommunestyret etter handsaminga av saka og Odd Lønnebakken gjekk frå.

Etter røystinga i saka orienterte Nils Asbjørn Lie og Borgny Gjøn frå Grend bedriftshelseteneste om temaet varsling og faktaundersøking.

Etter handsaminga av sak 056/13 var det matpause kl. 17.55 – 18.20.

KS-056/13 VEDTAK:

Saka vert utsett.

18.12.2013 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

KS-070/13 VEDTAK:

Saka vert utsatt med følgjande grunnar:

- det ligg framleis ikkje føre klare svar om speleregler vedrørende teieplikt og offentlegheit i saka. Det er bedt om svar frå kommunal/regionaldep, dette er ikkje kome og vi vil avventa svar frå dei.
- saka heng saman med det som kjem i granskingsrapporten ang. barnevernet og ei løyving av midlar på noko som kanskje kjem fram der vil kanskje vera unødvendig.
- Saka vert oversendt formannskapet for behandling 19.12.13 for vedtak.

Me ønskjer å sjå det heile i samanheng, og meiner og at arbeidstilsynet må få komma med sine innspel/pålegg utfrå ovannemnde punkt.

19.12.2013 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Det vart samrøystes vedteke at møtet skulle lukkast under handsaminga av møtet, med heimel i kommuneloven § 31.3.

Brigte Olav Gåsdal (Ap) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

Samnanger kommune løyver inntil kr 200000,- til gjennomføring av Faktaundersøking i "varslarsaka" jf oversendingssak frå Arbeidsmiljøutvalet sak 19/13 med tidlegare vedtak i same sak. Målet med faktaundersøkinga er å greia ut kva som er fakta vedr.

varslingssaka og om det er naudsynt med oppfølging for varslarane og kva tiltak som ev kan vera aktuelle. Utgiftene vert dekkja av disposisjonsfondet.

Birthe Skar-Moum (Ap) sette fram følgjande framlegg til vedtak (**Unnateke frå offentleg unnsyn, jf. Off.lova § 13**):

Det vert ikkje løyvd 200 000 til faktaundersøking på noverande tidspunkt.

Med bakgrunn i ny informasjon som er komme fram i granskinga av barnevernstjenesten ber ein AMU vurdere saka på nytt.

[redacted] fell vekk då granskingsrapporten tydelig viser at kommunestyrets behandling, og vedtak, i saka har vore heilt nødvendige vurderingar. AMU må vurdere om ein kan dele opp varslinga slik at varsling frå [redacted] kan bli vurdert på sjølvstendig grunnlag.

Framlegget til Brigte Olav Gåsdaal fekk 2 røyster. Framlegget til Birthe Skar-Moum fekk 5 røyster og vart vedteke.

Følgjande representantar røysta for framlegget til Birthe Skar-Moum:

- Øyvind Røen (Sp)
- Eva Hellevang (H)
- Ragnfrid Aadland Olsnes (Bl)
- Karl Kollbotn (Frp)
- Birthe Skar-Moum (Ap)

Følgjande representantar røysta for framlegget til Brigte Olav Gåsdaal:

- Brigte Olav Gåsdaal (Ap)
- Marit Aase (Krf)

FORM-057/13 Vedtak: (Unnateke frå offentleg unnsyn, jf. Off.lova § 13)

Det vert ikkje løyvd 200 000 til faktaundersøking på noverande tidspunkt.

Med bakgrunn i ny informasjon som er komme fram i granskinga av barnevernstjenesten ber ein AMU vurdere saka på nytt.

[redacted] fell vekk då granskingsrapporten tydelig viser at kommunestyrets behandling, og vedtak, i saka har vore heilt nødvendige vurderingar. AMU må vurdere om ein kan dele opp varslinga slik at varsling frå [redacted] kan bli vurdert på sjølvstendig grunnlag.